

Vilde Dimmen, gruppe C

Hei,

Eg er i dag rådgivar i studieadministrasjonen, der eg hovudsakleg har ansvar for masterprogrammet i geovitskap og etter- og vidareutdanning. Eg er og sekretær for programstyret for BSc og MSc i geovitskap, og jobbar saman med fakultet, tilsette og studentar for å vidareføre og sikre den gode kvaliteten på studieprogramma våre.

Som tidlegare student og stipendiat ved GEO kjenner eg instituttet frå fleire "sider", og set stor pris på det gode studie- og arbeidsmiljøet. Trivsel på arbeidsplassen er essensielt for å kunne gjere ein god jobb, og det er noko eg håpar å kunne bidra til å oppretthalde i gruppe C, så vel som for heile instituttet.

Eg stiller no til valg for gruppe C fordi eg ynskjer å vere med å forme vegen vidare og løfte fram teknisk- og administrativt tilsette sine behov. Eg meiner mine erfaringar og kunnskap (både fagleg og administrativt) gjer meg til ein god ressurs i instituttrådet, og til ein god representant for gruppe C. 😊

